

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 23.09.2021
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen

SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering pkt. 4
Produksjonsstøttesystem i Helse Vest – oppstart av steg 1**

ARKIVSAK: 19/21
STYRESAK: 21/21

STYREMØTE: 30.09.2021

Oppsummering

Prosjektet Produksjonsstøttesystem for legemiddel i Helse Vest arbeider med innføring av ny programvare som skal erstatte Cytodose. Systemet skal i tillegg støtte opp under anna tilsetjingsproduksjon. Innføring av systemet har avhengigheiter til innføring av regionalt elektronisk kurvesystem (Meona) og ny ERP-løsning (LIBRA). Prosjektet legg til grunn stegvis innføring for å redusera risiko og auke moglegheit til å hente ut gevinstar tidleg i tilgangen samanlikna med ei samla innføring. Pilot av første del av løysinga er planlagt med oppstart ved Sjukehusapoteket i Stavanger frå første halvdel av oktober 2021.

Fakta

Om prosjektet

Prosjektet Produksjonsstøttesystem for legemidler i Helse Vest (PCMS-prosjektet) arbeider med innføring av programvare som saman med Meona skal støtte opp under rekvisering, tilvirking og administrasjon av legemiddel i Helse Vest.

SAV sitt styre blei sist orientert om arbeid i prosjektet i styremøte 17.03.21 (sak 03/21).

Plan for framdrift

Framdrift er tett knytt opp mot framdrift i KULE-prosjektet, og under dette prioritering, framdrift og kvalitet på leveransar frå Meona.

Prosjektet legg til grunn stegvis tilnærming til innføring med oppstart av innføring utan integrasjonar for dei delane av produksjonsverksemda der dette er tenleg. Ei slik tilnærming er vurdert å redusere risiko og auke moglegheit til å hente ut gevinster tidlegare i tilgangen samanlikna med ei samla innføring. KULE-prosjektet legg opp til stegvis innfasing av ulike pakker av kurer. Det er førebels usikkert korleis tidsplan for dette vil sjå ut.

Prosjektet har plan om oppstart av pilot for steg 1 ved Sjukehusapoteket i Stavanger første halvdel av oktober med foreløpig varighet fram til januar 2022. Steg 1 blir sett i verk utan integrasjonar mot andre system og med støtte for produksjon av andre tilsetningsprodukter enn cytostatika. Piloten starter opp med å støtte produksjon av utvalde ein-komponentblandingar. Deretter vil løsningen oppdateres fortløpande med støtte for fleire tilsetningar. Dette gjelder også oppdatering av funksjonalitet som til dømes støtte for fleir-komponentblandingar samt nokre enkle integrasjonar. Piloteringa blir viktig for å skaffe erfaring med systemet før innføring i andre apotek.

Prosjektet har tett dialog med andre prosjekt (Libra, KULE) og leverandør om innføring, integrasjonar og vidare arbeid. Oppstart av steg 2 som inkluderer integrasjonar (SAP, DIPS, Samlepunktet etc.), er planlagt ferdig innført til 1.kvartal 2023. Integrasjonane vil bli inkludert i løysinga når dei er ferdige. Arbeid for spesifisering av integrasjonar går føre seg parallelt med Steg 1. Steg 3 er avhengig av framdrift i KULE kjemoterapi og inkluderar integrasjon med Meona med påfølgende erstatning av Cytodose. Steget er førebels stipulert til 1-2.kvartal 2025.

Oppstart av pilot og etterkvart driftssetting impliserar og behov for etablering av forvaltning av fagleg innhald i systemet i SAV. Arbeid med dette pågår og vil bli inkludert i budsjettprosess for 2022.

Økonomi

Prosjektet har ei samla ramme på 27,6 mNOK, som inkluderer arbeid med anskaffing, kjøp av programvare, innføringsarbeid i heile prosjektperioden og avsetning for usikkerheit. Så langt er det påløpt til saman 2,7 mNOK (anskaffing) og 6,7 mNOK (innføring).

Risiko

Viktigste risiko i prosjektet er framleis relatert til leveransar frå andre prosjekt, dette gjeld særleg KULE-prosjektet. Det er etablert nært samarbeid mellom prosjekta gjennom faste møter kvar anna veke. Fleire medarbeidarar er allokert i begge prosjekta.

Prosjekteigar for PCMS (fagdirektør SAV) er og representert i programstyre for HELIKS (KULE).

Leverandør av produksjonsstøttesystem må gjennomføre utviklingsarbeid for å tilpassa CMS-produktet til integrasjonar. Dette arbeidet vil først vere mogleg å starta når

avklaringar og spesifikasjonar for integrasjonane er utarbeidd. Tilsvarande som for dette utviklingsarbeidet, er det mange av aktivitetane i prosjektet med same type risiko. Det er såleis relativt stor risiko knytt til gjennomføringen av prosjektet både for tid og kost sett opp mot gjeldande prosjektplan.

Samla vurdering av risiko knytt til bruk av Cytodose og tid til innføring av ny løysing for kjemoterapi i Helse Vest vil og verke inn på prosjektet.

Fagforvaltning kjemoterapi

Ved etablering av elektronisk kurveverktøy for kjemoterapi i MEONA og produksjonsstøttesystem for legemidler i Helse Vest er det behov for å etablere regional styrings- og forvaltningsstruktur for regionale kurdefinisjonar, regionale rutiner og arbeidsprosessar for medikamentell kreftbehandling. Samordning av kurdefinisjonar og fagleg forankring av felles retningsliner mellom helseføretaka er eit særskilt viktig grunnlag for å få på plass ei heilskapleg og integrert kurveløysing for kjemoterapi.

Styringsgruppe og strategisk fagforvaltning for kjemoterapi er etablert og møter har mellombels blitt fasilitert av fagdirektør SAV. Felles AD-møte i Helse Vest støttar oppretting av felles operativ fagforvaltning for kjemoterapi ved kreftavdelinga i Helse Bergen etter utarbeiding av saksgrunnlag frå SAV. Stilling som leiar av regional fagforvaltning kjemoterapi er lyst ut med frist 22.9.21.